



M/F Skånevik ligg til kai i Uskedalen under Festidalen.

Då ferja «Skånevik» kom til Uskedalen på fredag, var det rett og rimeleg at ekspeditøren var Geir Nilsen. Det var viktig å vita kva den nye trekaien kunne tola, og at ein fekk opp rette fortøyningar. Geir Nilsen er sjølv maskinist og segla mange år i utanriksfart før han gjekk over i nordsjøarbeid og oljeretta næring.

Nilsen har rike tradisjonar å syna til når det gjeld handel, HSD og Myklebust kai som rutestopp. Besteforeldra, Marta og Mandius Myklebust, dreiv handel her, og etter at «Lønningdal» slutta, tok HSD opp Myklebust som stoppestad.

Utan venterom på kaien var det vanleg å ta inn til Sanda Marto før båten kom. Seinare tok sonen, Arne Myklebust, over jobben som ekspeditør. Far til Geir, Harald Nilsen, var den siste ekspeditøren i Uskedalen.

Onkel til Geir, Olav Myklebust, kom til HSD alt i 1935 som einemaskinist på M/S Kinsarvik. Han hadde då fire års fartstid med «Lønningdal 2». Etter maskinistskulen segla Olav Myklebust på mange av HSD sine båtar, frå den minste «Austri» til den største «Sunnhordland». Etter fire år som maskinsjef på «Sunnhordland» ynskte Olav å byta båt, og frå juni 1967 til han gjekk i land i 1974, stod han om bord i «Skånevik». Olav var ein godt likt maskinsjef i HSD, alltid smilande, blid og hadde eit godt lag med tilsette og passasjerane. Olav Myklebust budde på Malkenes på Tysnes, men var ofte å sjå på heimlege trakter på Sanden i Uskedalen.

uskedalen.no fekk til eit møte med maskinistane Øyvind Særsten og Geir Nilsen på M/F Skånevik. Det var sjølvsagt synfaring i maskinrommet.



Maskinistane Øyvind Særsten og Geir Nilsen inspiserer maskinrommet på M/F Skånevik

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland